Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9 Lauving

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Modalen

Emne: Lauving

Bygdelag: Eksingedalen

Oppskr. av: Joh. A. Lavik

Gard: Lavik

(adresse): Eksingedalen

G.nr. 90 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja, og so andre eldre.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Det er vel rettast å seia, at lauving er slutt her i bygdi no. Vert det lauva noko so er det so lite, at det er inkje nemnande.

Lauvet var nok ikkje plent rekna som år-visst fór. Største årsaki til dette var, at her ikring var so rikeleg med utslått, både i liene meir heimeleg med, og på stølorne var flatteigar elder stakkstø(d)e, so folk hadde nøgdi slåttevidd og meir enn det.

Men ein turkeversumar når det var mest hjelpelaust å få turrhøy, og lusjane i ut=slåttorne stod fulle av høy, då lauva folk. Det var då helst karane som gjorde det. Dei gjekk hitskogs, med øks og snile, ogso sagt tingel elder lauvkniv og tog. Klauv upp i bjørker, raun elder selja, hogg ned greinar, so stuven stod att med berre toppen og øvste greinerne. Småkvisten hogg dei so av med snilen. I staden for snile vart og ofte bruka vanleg sigd. Lauvkvisten vart bunden i kjerve. Ein mjuk, lang kvist, vart surra rundt kjerve 3-4 gonger, og kvistenden so smett under surringi. Kjervi var so store, at ein vaksen mann

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2285

skulde bera umlag 30 kjerve i ei bygda.
Ask veks ikkje her, og Alm er her so lite av,
at det vart ikkje noko til meins å taka,
Almelauv å laga kjerve av. I vårknipa,
fram mot siste veka fyre löysingi, tok
dei åt Almen. Då styvde dei Almen, og
hogg fiiraste og tinnaste kvistene av,
og flekte borken av dei avstyvde grei-
nene. Dette vart helde for godt fór, men vart
brukt berre i naudtóde
Der var vist ikkje nokon fast regel for
kor ofte same treet kunde lauvast av. Dei
såg etter eitt tre som var "fält", og tok det.
Men ei sume teigar kunde standa mange
gamle bjórkestuvar, som hadde vore lauva
på, gong etter gong, sikkert i ættleder.
Almelauvet som dei tok um våren, bar
dei til kyrna med eingong. Lauvet dei tok
på ettersumaren, kjervi, bar dei heim og heng-
kjervi upp i lóda. Ein av stivaste kvistane
i kjervet vart sett innunder sperra elder ei
Trofjál, og der hang det og turka. Sume år
kunde mest heile lö(de) rotet hanga tett
med lauvkjerve. 140-50 kjerve vart
rekna jamgodt med eitt smalefoster.
Dei lauva ogso noko um våren, når dei
losta. Hogg bjórkene ned, losta never og
borken av, kvisten hogde dei av med Snigl,
og batt ikop kjerve. Bar kjervi heim og
turka dei som kjervi dei tok på ettersumaren.
Her vart ikkje brukt å turka lauvkjerve ute.
Helder ikkje hev eg frett um at nokon hev
laga lauvstakk.
2285 Beste lauvet var Alme lauv, men det var litet

"Tilslåeleg," so det var mindre å rekna på. Seljelauv og Raunelauv var godt fôr, og fekk ein fin turk på Bjørkelauvet so var det godt, det og. Seljelauv og Raunelauv vilde myrkna når det turka, men var dei heppne med Bjørkelauvet kunde det halda seg nokso grønt. Då var det godt.

Lauvet vart bruka til sau og geit. Dei kunde få upptil 2 mål lauv for dagen.

Medan far var ung - 1860-70 åri - ripa dei stundom litt Almelauv um hausten. Det koka dei ilag med grisematen, og det vart helde gjort. Men det vart det heilt slutt med då her kom veg i dalen, og folk nådde i Kraftfôr. Ein annan ting kom og til, potet-avlingi hev auka, og det hev verka til at det hev vorte snautt mindre hjelpefôr.

Lauving heldt seg noko, fram til 1930 åri. Arbeidshjelpi hjå bøndene set heilt stengs for lauving no.

Um hausten, eller lauvfall, vart det jamt raka lauv på bakken. Dette lauvet vart ikkje bruka til fôr, men til undebreidsla under kalvar og griser. Slikt lauv vart bore heim i kipor elder sekkjer.

2285
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING